



KYSTVERKET

HOFSETH AQUA AS  
Fjordgata 52  
6005 ÅLESUND

Vår ref  
2021/5212-2

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Tormod Hjørungnes Engen

Dato  
12/05/2021

## **Løyve til utlegging av straumkabel i sjø til akvakulturanlegg i Storfjorden - Lokalitet Bugane - Sykkylven kommune - Møre og Romsdal fylke**

Kystverket viser til motteke søknad 20.04.2021 frå Hofseth Aqua AS om løyve etter hamne- og farvasslova til etablering av el-sjøkabel til akvakulturlokalitet Bugane i Sykkylven kommune, Møre og Romsdal fylke.

### **Vedtak**

**Med heimel i hamne- og farvasslova § 14 får Hofseth Aqua AS løyve til etablering av sjøkabel for elektrifisering av akvakulturlokalitet Bugane i Sykkylven kommune, Møre og Romsdal fylke, som omsøkt og vist på vedlagt stempla kart.**


### **Løyvet vert gitt på følgjande vilkår, jf. hamne- og farvasslova § 16:**

1. Tiltaket skal utførast som omskrive i løyvet og vist på vedlagt godkjenningsskart. Ein må ikkje utføre endringar uten at dette på førehand er godkjent av Kystverket.
2. Kablar, røyr og leidningar på sjøbotnen skal plasserast i samsvar med innteikna trase på vedlagt godkjenningsskart. Dei må følgje botntopografien (utan heng) og leggast forsvarleg slik at dei ikkje endrar lege eller flyt opp. Eventuelle fester og søkker skal ha ei slik utforming at dei ikkje heftar fiskereiskap. Så langt det let seg gjere unngå bruk av frie spenn og sidestøtter. Der ein ikkje kan unngå frie spenn skal dei vere så korte som mogleg.
3. Kabelen må leggast i grøft eller spylast ned ved kai slik at den vert tildekt.
4. Med ein gong etter ferdigstilling av tiltaket skal tiltakshavar sende inn melding med vedlagt kartskisse der kabelen er nøyaktig innteikna med innmålte koordinat oppgitt i WGS84 til Kartverket sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 STAVANGER (efs@kartverket.no). Kopi av melding skal sendast Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND (post@kystverket.no).

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: post@kystverket.no  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766



5. Tiltakshavar pliktar å merke kabelen ved landfeste med varslingskilt i samsvar med forskrift 19.12.2012 nr.1329 om farvasskilt og navigasjonsinnretningar (skiltforskrifta), jf. vedlegg 1 til forskrifta. Tiltakshavar får og ansvaret for vedlikehald av merkinga jf. skiltforskrifta § 6.

Følgjande varselskiltkombinasjon skal ha minimum skiltstorleik MS (1500x1500mm)



Med ein gong etter oppsett av skiltet **skal** tiltakshavar sende melding med kartskisse og innmålt koordinat i WGS 84 på skiltet til Kystverket ([post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)) for kontroll og stadfesting på at skiltet er i tråd med vedtaket her, jf. skiltforskrifta § 3 som pålegg Kystverket å føre register over alle farvasskilt i nasjonalt skiltregister.

6. Eventuelle erstatningsansvar som følgje av tiltaket kviler på tiltakshavar. Kystverket er heilt utan ansvar for skade eller ulempe som måtte oppstå som følgje av tiltaket.

7. Endringar i eigarskap til kabelen skal meldast til Kystverket.

8. Når/dersom sjøkabelen ikkje lenger er i bruk skal eigar fjerne alle spor og etterlatenskap av tiltaket. Melding om fjerna kabel skal sendast til Kartverket sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 STAVANGER ([efs@kartverket.no](mailto:efs@kartverket.no)). Kopi av melding skal sendast Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND ([post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)).

9. Ein føresetnad for løyvet er at den omsøkte sjøkabelen ikkje kryssar kablar og leidningar i området utan at det føreligg eit krysningsløyve eller er i samråd med eigarane.

10. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å innhente naudsynt løyve frå anna lovverk og samtykke frå andre rettshavarar. Kystverket har ikkje ansvar for å sjå til at dette vilkåret er oppfylt.

11. Anleggsarbeidet må ikkje i utilbørleg grad hindre den ålmenne ferdsle på sjøen. I den grad det er naudsynt må farvatnet der arbeid føregår merkast forsvarleg. Tiltakshavar er ansvarleg for å informere berørte partar om arbeidet.

## 1 Bakgrunn for saka

Tiltakshavar planlegg elektrisk drift av akvakulturanlegg på lokalitet Bugane ut frå støy- og miljøomsyn ved å legge el-kabel i sjøen frå Ramstadvika og austover rundt Bugneset til akvakulturlokaliteten i Bugane.

## 2 Aktuelt regelverk

Omsøkt tiltak kjem inn under hamne- og farvasslova § 14 som seier at tiltak som kan påverke tryggleik, ferdsle eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet ikkje kan etablerast utan løyve. I vurderinga om ein skal gje løyve skal ein og legge vekt på omsyna i formålsparagrafen (§1) om sikker og miljøvenleg bruk og drift av hamn og farvatn samt omsynet til eit konkurransedyktig næringsliv.

Det er Kystverket som har mynde til å avgjere søknaden, jf. § 14, 2 ledd og Samferdselsdepartementet si delegering av mynde til Kystverket.

Løyvet kan ikkje vere i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova, jf. hamne- og farvasslova § 14, 4. ledd. Er omsøkt tiltak i strid med slik plan må plan- og bygningsmynde, normalt kommunen, ha gitt dispensasjon frå plana.

Kystverket har og plikt til å følge reglane for sakshandsaming knytt til naturmangfaldlova. Denne lova skal sikre at naturmangfaldet vert vurdert ved utøving av mynde som røyver ved naturen. Tiltaket vert og vurdert opp mot § 12 i vassforskrifta for å sjå om det får konsekvens for miljømåla i den tilhøyrande vassførekomst.

## 3 Kystverket si vurdering av saka

Ved vurdering om ein skal gje løyve til omsøkt tiltak må ein vege dei ulike omsyna i saka opp mot føremålet med dei aktuelle føresegnene i hamne- og farvasslova. Tilsvarende gjeld om det i samsvar med § 16 vert sett vilkår til eit evt løyve.

Etter Kystverket si vurdering vil ikkje omsøkt etablering av kabel i sjø få særskilde konsekvensar for ferdsla i området, føreset at Kystverket sine vilkår vert oppfylt. Vi har ikkje sendt søknaden på høyring til andre instansar, då det etter sakshandsamar si vurdering ikkje føreligg øvrige interessekonfliktar i området for traseen.

Vilkår 6 er satt for å halde Kystverket skadefri for kva tiltakshavar/søkar eller hans folk måtte foreta seg. Då det er tiltakshavar som får fordelene av løyvet er det naturleg at tiltakshavar tek utgiftene om tiltaket skulle føre til skade. Av omsynet til ferdsle og tryggleiken til dei sjøfarande får tiltakshavar samstundes løyve etter hamne- og farvasslova § 10 til å etablere farvasskilt ved kvart av landtaka i tråd med *Forskrift om farvannsskilt og navigasjonsinnretningar*. Skilta sin funksjon er typisk å varsle om fare, informere om eit påbod eller gje opplysning om forhold ein som brukar bør være merksam på. Av same omsyn og for å halde sjøkartar ajour og oppdatert vert det vidare sett vilkår om å melde inn kabelens trasé etter utlegging inn til Efs.

Det vert sett vilkår om at sjøkabelen skal ligge heftfritt på sjøbotnen og slik at den ikkje endrar lege. Eventuelle fester og søkker må og ha ei heftfritt utforming. Vilkåra er satt for å unngå skadar og ulemper for fiskarar og brukarar av området, for å førebygge skadar og ulemper for tiltak og tiltakshavar og av generelle omsyn til ferdsle og tryggleik

Når det gjelder spørsmål knytt til dei miljømessige konsekvensane av tiltaket har Kystverket vurdert tiltaket etter både lov om forvaltning av naturens mangfald av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova), og etter gjeldande forskrift om rammer for vassforvaltninga av 15. desember 2006 nr. 1446 (vassforskrifta).

I vurderinga etter naturmangfaldlova, jf. §§ 8-12, har Kystverket utført søk i Naturbase - Miljødirektoratet. Kystverket finn der ikkje noko som etter vår vurdering synest å verte vesentleg påverka av omsøkt tiltak.

Forholdet til vassforskrifta. Med den kunnskap Kystverket har om tiltaket sin karakter kan vi ikkje sjå at tiltaket vil føre til at miljømåla for tilhøyrande vassførekomst ikkje vert nådd eller at miljøtilstanden vert forringa.

Ut frå søknaden og det som elles er opplyst og føresett i denne saka er Kystverkets vurdering at tiltaket ikkje vert til vesentleg hinder for ålmenn sjøverts ferdsle i det aktuelle området og heller ikkje er til fortrengsel eller vesentleg hinder for fiskeriinteresser.

#### 4 Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane over kjem vi til at vi kan gje løyve til søknaden om sjøkabel som omsøkt. Avgjerande for utfallet av saka har vore at tiltaket ikkje vert vurdert til å få negative verknadar for sjøtryggleik og ferdsle i det aktuelle farvatnet.

Det framgår av hamne- og farvasslova § 16 siste ledd at løyvet fell bort om tiltaket ikkje er sett i gong seinast tre år etter at løyve vart gitt. Det same gjeld om arbeidet med tiltaket vert innstilt i meir enn to år. Kystverket kan forlange fristen éin gong med inntil tre år. Vedtaket med vilkåra finner du framme i dette brevet.

#### 5 Rett til å klage

Dette er eit enkeltvedtak som søkar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på innan 3 – tre - veker etter at dette brevet er kome fram. Sjå orientering om klageadgang.

Klageadgang må vere nytta før ein reiser søksmål om vedtaket si gyldigheit eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, jf. forvaltningslova sin § 27b. Ein kan likevel sete fram søksmål når det er gått seks månadar frå klagen første gong vart framsett og det ikkje skuldast forsøming frå klagaren si side at avgjersla frå klagemynde ikkje føreligg.

Vi presiserer at saka berre er vurdert med omsyn til reglane i *Lov om havner og farvann* og ikkje til anna lov- og regelverk.

*Lov om havner og farvann* regulerer ikkje nabo- eller eigedomstilhøve som då ikkje vert vurdert i saka. Kystverket føreset likevel at bruken ikkje krenker naboeigedom, tilflottsrettar eller liknande rettार for andre. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å innhente naudsynt samtykke frå grunneigarar og eventuelle rettshavarar. Kystverket har ikkje ansvar for å følgje opp dette. Privatrettslege tvistar mellom partane vert avgjort anten gjennom avtale eller av domstolane.

Med helsing

Jan Morten Hansen  
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

Sykkylven kommune

Fiskeridirektoratet

Ålesundregionens Havnevesen

Kyrkjevegen 62

Postboks 185 Sentrum

Skansekaia 3C

6230

5804

6002

SYKKYLVEN

BERGEN


ÅLESUND

Vedlegg:

- 1 Orientering om klageadgang
- 2 Godkjenningsskart - Sjøleidning, el-kabel - Lokaltet Bugane, Sykkylven kommune

### Kabelrute/Forarbeid

Det er svært bratt fra utenfor anlegget, og det anbefales sterkt at kabeltraséen bunnkartlegges. Dersom traséen bunnkartlegges før bestilling av endelig kabellengde vil sikkerhetslengden kunne reduseres betraktelig.



**Overflatelengde 3340 meter. Antatt nødvendig kabellengde blir 4000 meter**

Med gode bunnkart er det ikke urealistisk at kabelen kan legges med en mindre «bue», slik at nødvendig kabellengde kan reduseres. Det er imidlertid også en viss fare for at fjellformasjonene er slik at vi må helt ned i dalbunnen for å få en sikker kabeltrasé, og da vil vi ha behov for mer kabel.